




HJELMELAND
KOMMUNE

ÅRLEG UTVIKLINGSPLAN FOR HJELMELANDSSKULEN

Skuleåret 2021/22

Siste versjon 10.06.21



1. Felles satsingsområde for Hjelmelandsskolen 2021/22

Den årlege utviklingsplanen er utarbeidd med grunnlag i overordna planar, som m.a. «Plan for desentralisert kompetansarbeid i region Midt-Rogaland» og «Langsiktig utviklingsplan for Hjelmelandsskolen».

Den felles visjonen «**Gjera kvarandre gode**» er med som plattform i alt utviklingsarbeid i Hjelmelandsskolen.

Det er løfta fram felles satsingsområde for skulane, og i «langsiktig plan for Hjelmelandsskolen» er det følgjande satsingsområde som er sett i fokus i perioden 2019-2022:

Satsingsområde	Innhald
Innføring av ny læreplan	Fagfornyninga og fokus på god undervisningspraksis. Felles forståing for nye læreplanar.
Digital kompetanse og dømmekraft	Pedagogisk bruk av IKT i opplæringa knytt opp mot ny læreplan.

For skuleåret 2021/22 er det satsingsområde «innføring av ny læreplan/fagfornyninga» som er hovudfokus. I «langsiktig utviklingsplan for Hjelmelandsskolen 2019-2022» er ikkje ny læreplan og fagfornyninga i særleg stor grad løfta fram. Det har skjedd ei utvikling sidan denne vart utarbeidd, og det har dei siste åra kome tydelegare fram innhaldet i ny læreplan. Det er naturleg at hovudsatsinga til Hjelmelandsskolen skjer i tilknytning til den nye læreplanen og område ein ser behov for innanfor dette. Dei årlege utviklingsplanane spesifiserer utviklingsarbeidet til Hjelmelandsskolen, og presiseringa av satsingsområde skjer difor i denne planen og ikkje i den langsiktige.

1.1. DEKOM (desentralisert kompetanseutvikling) – Pulje 4 i 2021 og 2022

Skulane i Hjelmeland kommune har søkt og er teke opp i pulje 4 i DEKOM i 2021 og 2022. Dette inneber at frå 2021/22 skjer tilnærming til satsingsområde og organisering av utviklingsarbeidet gjennom deltaking her. Ungdomsskolen er i eigen pulje, og er ikkje i lag med barneskulane. Barneskulane i kommunen er i lag i ein pulje.

Hausten 2021 er eit forankringssemester, kor partnarane i lag avklarar spissing av tema og korleis dei saman skal jobbe på skulen og i klynga. Frå januar 2022 og ut året vil innsatsen rettast mot korleis skulen saman med alle tilsette skal vidareutvikle seg.

Tema er innanfor aktuelt område i ny læreplan. For Hjelmelandsskolen inneber det følgjande:

DEKOM PULJE 4 (Periode: f.o.m. hausten 2021- t.o.m. desember 2022) *		
Skule	Tema	Klynge
Fister skule	<i>Den aktive eleven i fagfornyninga</i>	Klynge 1: Fister, Årdal, Hjelmeland
Årdal skule		
Hjelmeland barneskule		
Hjelmeland ungdomsskule	<i>Vurdering</i>	Klynge 2: Hjelmeland, Ullandhaug

* Oppsett frå DEKOM, med utdrag av problemstilling frå søknad, sjå vedlegg.

2. Resultatmål

Mål: «Auka læringsutbytte for elevane».

Korleis måle dette i forhold til satsingsområde med hovudfokus i 2021/22?

Satsingsområde	Mål	Indikator
Fagfornyinga	<ul style="list-style-type: none">- Dei tilsette skal kunne planleggje elevane si læring i tråd med dei nye læreplanane- Felles forståing for nye læreplanar- Auka elevmedverknad (<i>Vektlegging av elevmedverknad skal m.a. føra til auka motivasjon for læring hjå elevane</i>)- Auka lærarane si forståing av elevvurdering jf. ny læreplan	<ul style="list-style-type: none">- Rektor har eit system for å sikre at opplæringa dekkjer alle kompetansemåla i læreplanen.- Systematisk arbeid med fagfornyinga på skulane i utviklingstida. <p>Betra resultat på elevundersøkinga på indikatorane:</p> <ul style="list-style-type: none">- vurdering for læring («del 2»)- motivasjon- trivsel <p>Betra resultat på elevundersøkinga på indikatorar om elevmedverknad under «vurdering og læring».</p>

3. Tiltak

Tiltak for å nå resultatmålsettinga:

- Felles utviklingstid for skulane:
Ein vil leggje til rette for å støtte, utvikle og styrke profesjonsfelleskap i og på tvers av skulane. Gjennom felles plandagar og tverrfaglege samlingar deler ein erfaringar og får felles inspirasjon og fagleg påfyll. I 2021/22 skjer dette gjennom arbeid i pulje 4 i DEKOM, i partnarskap med UiS. Barneskulane er i same klynge, og skal arbeide i lag. Det er viktig at elevane på alle barneskulane har likast mogleg kompetanse, når dei møtast på felles ungdomsskule. Difor er det viktig med samarbeid og deling mellom dei tilsette på barneskulane.
- Leiarutvikling:
Leiar samlingar i Utdanningsregion Midt og lokale rektormøter.
- System for oppfølging av resultat: Skuleeigar og kvar skule har system for oppfølging av resultat knytt til kartleggingsprøver, nasjonale prøver, eksamenar, standpunkt etc.

3.1. Felles utviklingstid for skulane 2021-2022

Alle skulane i Hjelmeland kommune er med i DEKOM i pulje 4.

Hausten 2021: Forankring og planleggingssemester, ved leiinga, tillitsvalde og UiS:

- Partnerane avklarar i lag spissing av tema og korleis dei skal jobbe på skulen og i klynge.
- Det vil vere møter med ressursgruppa på tvers av skulane i klynga (leiing, tillitsvalde, UiS).
- Første forankringsmøte: august/september 2021, teamsmøte mellom partnerane i DEKOM.
- Skulane bør setje av eit utviklingsmøte pr. månad i lag med dei tilsette, knytt til arbeidet med forankring og planlegging.

Frå januar 2022: oppstart med involvering av alle tilsette ved skulane:

Frå januar 2022 og ut året vil innsatsen verte retta mot korleis skulen saman med dei tilsette skal vidareutvikle seg.

1. Samarbeid/planleggingsmøter med dei andre skulane i klynga og UiS/Kompetanse- og utviklingsveileder for å planlegge fagdagar (ressursgruppa)
2. Ca. 2-3 fagdagar i semesteret saman med dei andre skulane i klynga (Ressursgruppe og lærarane (+andre tilsette?) på skulane i klynga er deltakarar)
3. Mellomarbeid/ oppdrag mellom fagdagane.

Alt arbeid vert leia av skulen i samarbeid med UiS-partnar.

Beskjed frå DEKOM: *anbefaler å ikke binde opp noen planleggingsdager i 2021/22 og minst mulig fellestid for lærerne til etter dere har lagt planen for samarbeid med UIS og den/de andre skolene i klyngen. Det vil kreve fleksibilitet i planene for at dere sammen skal kunne finne felles tid for samarbeid på tvers.*

Dato og innhald for felles utviklingstid hausthalvåret 2021:

Tidspunkt	Type møte	Innhald
16. august	Plandag: Barneskulane har felles opplegg i gymsalen i Årdal fram til lunsj. Ungdomsskulen har eige opplegg.	Barneskulane: <i>Elevmedverknad</i> (kompetansepakke frå DEKOM) Ungdomsskulen: Ein av kompetansepakkane til DEKOM
17. august	Plandag	For SFO-tilsette kl. 12.00-15.00 i kommunestyresalen: <i>Arbeid med ny rammeplan for SFO</i>
18. august	Plandag	
24. august	Forankringsmøte i DEKOM pulje 4. Digital samling kl. 12.00-14.00.	Første møte for fagpersonar og deltakerskular i pulje 4
Veke 43, Kl.13.15-15.15	Tverrfagleg samling barneskulane	
Veke 48, Kl.13.15-15.15	Tverrfagleg samling barneskulane	
12. november	Plandag	
9. desember	Plangruppemøte	Utviklingsarbeid vårhalvåret-22

Dato og innhald for felles utviklingstid vårhalvåret 2022:

Tidspunkt	Type møte	Tema/Innhald
3. januar	Plandag	
27. mai	Plandag	

*Plan for vårhalvåret vert planlagt hausten 2021 på den enkelte skule, i samarbeid med skulane i klynga.

4. Vedlegg: Utdrag frå oversikt over pulje 4, pr. 27.04.21**

Pulje 4 – Desentralisert ordning i Utdanningsregion Midt-Rogaland			
KLYNGE	KOMMUNE	SKOLER	BEHOV FRA SKOLENE (kan være forkorta tekst i forhold til søknad)
Klynge 1	Hjelmeland kommune	Hjelmeland skule	Temaet Hjelmeland barneskule vil at UiS skal bidra med som partner er: DEN AKTIVE ELEVEN I FAGFORNYINGA: - Korleis skape meir engasjement hjå elevane? - Korleis skape endringar der ein får elevane aktive på alle nivå frå planlegging til gjennomføring og vurdering? - Grunnleggjande ferdigheiter (munnlege, rekning)
		Fister skule	Som over
		Årdal skule	Som over
Klynge 2	Hjelmeland kommune	Hjelmeland ungdomsskule	Temaet Hjelmeland ungdomsskule vil at UiS skal bidra med som partner i er: VURDERING - Korleis få elevane til å erfare at dei får vist kompetansen sin? - Korleis skal lærarane vere trygge på eiga termin- og standpunktvurdering som ein konsekvens av fagfornyinga?
	Stavanger kommune	Ullandhaug skole	Vurdering i lys av nytt læreplanverk og elevaktivitetar
Klynge 3	Stavanger kommune	Mosterøy skole Vaulen skole	...
Klynge 4	Stavanger kommune	Gausel skole Vassøy skole Auglend skole	...
Klynge 5	Stavanger kommune	Hafrsfjord skole	...
Klynge 6	Strand kommune Stavanger kommune	Fjelltun skole Tjensvoll skole	...

**Utarbeidd av kompetanse- og utviklingsrettleiar i DEKOM, Inger Sofie Berge Hurlen, basert på søknadane frå skulane.

